


## Gjennomføringsplan for avgrensning av utslepp ved ombygging Tyinkrysset RA

Arbeidet med utvidinga av kapasiteten ved Tyinkrysset Reinseanlegg nærmar seg no sluttfasen. Arbeidet som kan utførast utan og påverke drifta av anlegget blir slutført før påska 2025. Det arbeidet som påverkar drifta vil bli påbegynt etter påska. Arbeidet etter påska fører til ein total driftsstans på anlegget, og omfattar utskifting av eksisterande styringssystem og ein del rørsamanføringar. Arbeidet vil finne stad frå og med veke 18 til og med veke 22 og inneheld fleire fasar med ulik moglegheit til å drifte anlegget. Framdriftsplanen er som følgjer:

<b>Veke 18</b> 28.april - 2. mai:	Anleggets styringssystem vil bli frakobla, og anlegget sett heilt ut av funksjon. Arbeid med røromkoblingar og byte av ein komplett styretavle og desentraliserte styreeiningar påbegynnast.	Ingen drift
<b>Veke 19</b> 5.mai – 9. mai	Vidare arbeid med utskifting og tilkopling av nytt styreutstyr held fram. Eventuelt gjenstående arbeid med røropplegg slutførast. Utskifting av styringssystem og samankopling av rørinstallasjonar vil bli slutført denne veka. I løpet av veke 19 vil situasjonen vere av ein slik art at det let seg gjere å køyre ein del av anlegget manuelt.	Ingen drift/manuell drift
<b>Veke 20</b> 12.mai – 16. mai	Signaltest og funksjonstesting	Manuell drift
<b>Veke 21</b> 19.mai – 23. mai	Signaltest og funksjonstesting	Manuell drift
<b>Veke 22</b> 26.mai – 30. mai	Eventuelle programjusteringar.	Normal drift med eventuelle programfeil.

<b>Veke 23</b>	Arbeidet sluttført	Normal drift
----------------	--------------------	--------------

Perioden for nødvendig nedstenging av anlegget er lagt til ein periode med låg belastning. Det som eventuelt kan inntreffe denne perioden er snøsmelting, og ein del innlekk på leidningsnettet. I år er det svært lite snø i området, og det er derfor vanskeleg å forutseie noko om omfanget av påverkinga dette vil ha for anlegget i den perioden det er nedstengt. Det beste scenarioet i forhold til snøsmeltinga ville vere at ein fekk ei liknande situasjon som dei 4 føregåande åra. Om ein ser på samanstillinga for 2020-2024 ville ein kunne dra stor fordel om ein opplevde same snøsmelting i år, sidan det er ein fordel med større mengde vatn inn på anlegget i perioden når funksjonstest skal føregå.



## **Gjennomføring av tiltak for å avgrense utslepp i perioden med anleggsstopp**

- Utsending av melding til hytteabonnentar med oppfordring om å avgrense bruk av hytter i perioden.
- Vi har eit totalt ledig volum på anlegget på ca 488 m<sup>3</sup>. Reell belastning i vekedagar utan snøsmelting ligg på ca 35 m<sup>3</sup>/døgn. Vi vil under gunstige forhold kunne mellomlagre nesten 14 dagars belastning. I forhold til framdriftsplanen vil vi då kunne begynne å køyre anlegget manuelt. Mellomlagring er noko vi må ta ei fortløpande vurdering på under driftsstansen, då det ikkje vil vere realistisk om vi får større mengder smeltevatn inn på anlegget.
- Anleggets utforming sørger for at avløpsvatn vil passere to basseng på anlegget før det kjem til utløp. I desse bassenga vil slam sedimentere og vi vil oppnå eit meir avgrensa slamutslepp enn om det var direkte samband mellom innløp og utløp. Ved bruk av ytterlegare ledig mellomagringsvolum vil vi oppnå same effekt i kvart av bassenga vi måtte nytte til dette.
- Vi vil overvake slamvolumet i første basseng og gjere ei fortløpande vurdering av behovet for å transportere bort slam under driftsstansen.